

# VEDTEKTER FOR STRANDA BYGDALAG - 6.11.2012

Stranda Bygdalag blei stifta den 25. mai 1986.

Vedtektene er seinare endra av årsmøtet den 4. mars 2008 og 6. november 2012 i samband med samanslåing av Stranda Bygdalag og Stiftelsen Strandatun.

## § 1 Namn

Laget sitt namn er Stranda Bygdalag

## § 2 Føremål

Laget skal arbeide for å styrke lokalsamfunnet, der bygdefolket kan møtast til samkomer i eit karakter- og kulturskapande miljø og ta vare på kulturminneverdiar som laget eig.

For å oppfylle føremålet, skal laget eiga og driva Grendahuset Strandatun til nytte for eige arbeid og til utleige for samkomer av ulik art. Alle har dei same rettar å leige huset i samsvar med retningslinene for utleige.

## § 3 Tilknytning

Stranda Bygdalag er eit fritt og sjølvstendig lag utan tilknytning til andre organisasjonar. Ingen kan stengjast ute grunna alder, sosiale, politiske eller religiøse syn.

## § 4 Leiing av laget

Laget vert leie av eit styre på 6 medlemar og 2 varamedlemar. Styret konstituerar seg sjølv. Styret kan oppretta ulike faggrupper der ein av medlemane i styret er leiar. Faggruppene rapporterar til styret. Styret er vedtaksfør når minst 4 medlemar er til stades. Ved avstemming med likt stemmetal har leiaren dobbelstemme.

## § 5 Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt øvste organ og kan fatta vedtak om alle saker som vedkjem laget.

Ordinært årsmøte skal haldast kvert år innan utgangen av februar månad. Styret kallar inn til årsmøtet med minst 14. dagars varsel. Innkalling skal skje ved oppslag.

Årsmøtet er vedtaksfør med det tal medlemar som møter. Kvart medlem som er myndig har ei stemme.

Ordinært årsmøte skal behandle desse sakene:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Budsjett
- Fastsetjing av kontingent
- Val av medlemar og vara medlemar til styret
- Val av revisor
- Val av valnemnd på minst 2 personar
- Innkomne saker

Saker ein ønskjer handsama på årsmøtet, må vera overlevert leiar i styret seinast ei veke før årsmøtet.

## **§6. Ekstraordinært årsmøte**

Det skal heldast ekstraordinært årsmøte når styret kallar inn, eller minst 20 % av myndige medlemmar ønskjer det.

## **§7 Godtgjersle til styret**

Leiaren av laget kan etter årsmøtet sitt vedtak få godtgjort ein fast sum pr. år for vanlege kontorutgifter. Likså kan styremedlemmar få godtgjort ikkje dokumenterte utgifter. Styremedlemer betalar normalt ikkje inngangspengar på arrangement som laget arrangerar.

## **§8 Endring av vedtektene**

Vedtektene kan berre endrast av årsmøtet. Framlegg til endringar må vera gjort kjent saman med innkalling til årsmøte og skal vedtakast med kvalifisert (2/3) fleirtal.

## **§9 Oppløysing**

Oppløysing av laget kan berre gjerast dersom styret vedtek å fremja dette for årsmøtet. Vedtak om oppløysing kan berre gjerast av årsmøtet med kvalifisert (2/3) fleirtal vedtek dette. Minst 1/3 del av medlemmane skal vera til stades. Ved oppløysing skal det nemnast opp eit avviklingsstyre som innan eit – 1 år skal fordela midlane til laget til varige kulturelle føremål for Strandabygda, i samsvar med laget sitt føremål.

\*\*\*\*\*